



**Saksframlegg**

**Ekstra løyving på midlar til 10.klasse som reiser til Polen hausten 2025.**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg**

**Bakgrunn for saka:**

OKO ynskjer sak til ekstra løyving på midlar til 10.klasse som reiser til Polen hausten 2025.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for kultur og oppvekst; «Legge til rette for god dialog med barn, unge og føresette.»*

Over tid har skuletur/Polentur i 10.klasse skapt ein del utfordringar rundt økonomi, inkludering og gratis prinsippet. Tema er ei aktuell sak og var oppe til drøfting i OKO 13.03.25. Der ynskte OKO ei sak om ekstra løyving til 10.klasse som reiser til Polen hausten 2025. Denne klassa har fått ei prisauke på kr 83.000,- frå siste avtale i 7. klasse til nå vårhalvåret i 9. klasse.

**Konklusjon:**

Heile skuleturen er kompleks og det er fleire ting å ta stilling til ved denne turen, slik den er i dag. Formannskapet har bedd om sak når det gjeld skuletur og i løpet av våren kjem ei større og heilhetleg sak til politisk behandling.

Ei eiga sak med ekstra løyve til ei klasse, før denne saken, kan gje konsekvensar framover.

Saka vert lagt fram utan sum i innstillinga.

Rest disponibel pott på konto 1113 470 pr 26.03.35 er kr 66.000,-.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

OKO løyver kroner ..... til 10. klassetur haust 2025 frå konto 1113 470.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst